

10.9.2023

Rovviltnemnda region 6
v/Statsforvaltaren i Trøndelag
sftlpost@statsforvalteren.no

FRÅSEGN - HØYRING AV REVIDERT FORVALTINGSPLAN FOR REGION 6

Naturvernforbundet vil særleg peike på 3 tema ved denne høyringa. Det gjeld storleiken på forvaltingsområde for bjørn, storleiken av forvaltingsområde for jerv i Møre og Romsdal og forvaltningssamarbeid med region 3 og 5 om den sørvestlege delbestanden av jerv.

Storleiken på og plasseringa av forvaltingsområde for bjørn

Storleiken på forvaltingsområde er omtala i kapittel 2:

«Forvaltingsområdene skal være av en slik størrelse at det er realistisk at regionens bestandsmål kan oppnås innenfor forvaltningsområdene.»

Det meiner vi er eit heilt grunnleggande prinsipp. Det manglar noko på at dette er gjennomført. NINA har slått fast kor stort område ein bjørn kan greie seg med viss mange faktorar er på bjørnen sin side. På eit kort tidspunkt kring 2020 hadde vi nesten ein bestand i samsvar med forvaltingsmålet. Men det viste seg i praksis at området var for lite. I løpet av kort tid var mange av dei norske binnene avliva i Sverige og binne NT125 begynte å bruke areal i Snåsa sør for forvaltingsområdet. Fleire bjørner etablerte seg også vest for E6 i Grong og Namsskogan.

Ved å bruke observasjonar av bjørnebinner spesielt, dei siste 4 åra bør det vere råd å teikne ut eit forvaltingsområde som stemmer betre med bjørnen sin faktiske bruk av areal.

Sørøver må heile Snåsa kommune vere med i forvaltingsområdet. Vestover må grensa gå på høgaste fjellet i staden for langs E6. Slik grensedraging blei antyda under arbeidet med NINA sin rapport, og bør vere mogleg å skaffe fram.

Aralet som i forvaltingsplanen er sett av til forvaltingsområde for bjørn samsvarar ikkje med sitatet frå kapittel 2 og må endrast.

Storleiken på og plasseringa av forvaltingsområde for jerv

Prinsippet som er nemnt ovafor frå kapittel 2 gjeld også jerv.

Ved førre revisjon av forvaltingsplanen blei eit område i Øvre Sunndal i utgangspunktet lagt inn som forvaltingsområde jerv, men endra då nemnda gjorde vedtaket. Dermed er ikkje storleiken konsekvensutgreidd. Dette har ført til problemet som er grunnlaget for kap 3.1

«Bestandsmålene skal fortrinnsvis oppnås innenfor forvaltningsområdet for arten.»

Når ein ikkje har stort nok areal, skaper det gnagsår i delar av området som må ta ansvar for ein større del av bestanden. Dette ser vi i Romsdal, der både beitenæringa og forvaltinga stadig talar om beiteområde også om areal som er ein del av forvaltingsområdet.

Endringa med Øvre Sunndal kom samtidig som forvaltingsområdet i Forollhogna blei justert. Der var det slik at jerven ikkje såg den administrative grensa og følgeleg måtte det vere likt på bae sider av fylkesgrensa. Bruker ein same prinsippet om Øvre Sunndal, så skal dette vere ein del av forvaltingsområdet. Den mest naturlege

aust/nordgrensa for forvaltingsområdet for jerv i Dovrefjell følgjer nok E6 og Rv 70. Ved å flytte grensa for forvaltingsområdet, vil det vere mogleg å oppnå målet for Møre og Romsdal innanfor forvaltingsområdet.

Samarbeid om forvaltninga av den sørvestlege delbestanden av jerv

Rovviltneemndene i region 6, 3 og 5 har ansvar for forvaltninga av den sørvestlege delbestanden av jerv. I denne delbestanden finst det framleis spor etter den opphavelige bestanden av jerv i Noreg. Spor som det følgjer av vanleg forvaltningsskikk å ta vare på som ein del av det genetiske mangfaldet.

Så lenge ein ikkje har ei samarbeidsavtale, må ein legge føringar for region 6 sin del av dette. Dette må inn som eit eige avsnitt i forvaltingsplanen.

- Jerv i region 6 som held seg vest for E6 og sør for Trondheimsfjorden er ein del av den sørvestlege delbestanden

- For å unngå utvatning av genetikken frå den opphavelige bestanden, er det mål om at minst halvparten av delbestanden har arv frå den opphavelige skandinaviske bestanden.

- For å forsterke innslaget frå den opphavelige jervbestanden i den skandinaviske bestanden skal ein ha ein bestand der dyr vil vandre austover og kome i kontakt med den austlege delbestanden av jerv.

- I samband med skadefellingssaker skal det avklarast på førehand så langt som mogleg om aktuelle dyr er berarar av dei spesielle mikroallellane som kjem frå den opphavelige skandinaviske bestanden, og dette skal tillegast vekt ved avgjerder.

- Før fastsetting av kvoter skal det vere ein kontakt med dei andre regionane, slik at manglar hos ein av regionane kan avbøtast av andre til regionen sjølv ikkje lenger har nokon mangel.

Andre moment

Kapittel 3.1

«Bestandsmålene skal fortrinnsvis oppnås innanfor forvaltningsområdet for arten.»

Dette er ei formulering som er eigna til å skape ein aksept for kvar det skal vere rovdyr. Kvoter i forvaltingsområde som ikkje har nådd ynglemålet er det motsette av dette. Då må ein nødvendigvis auke bestanden i beiteprioritert område i staden.

Kapittel 3.2

Ordninga med kompensasjon på 10 000 kroner for opplysningar om nye jervhi kan nok auke interessa for å varsle, men verker samtidig ganske provoserande for andre. Vi rår til at denne ordninga blir sløyfa.

Kapittel 3.3.1

Ei ordning med maksimalt 2 ynglingar av jerv i kvart reinbeitedistrikt er så langt Naturvernforbundet kjenner til ikkje utgreidd. Det er nødvendig å få utgreidd kva eit slikt tiltak vil føre til i praksis før ein eventuelt kan ta inn eit slikt prinsipp i forvaltingsplanen.

Kapittel 3.3.3

Presisering om at ekstraordinært uttak ikkje er ei ordning for å ta ut resten av lisenskvota er ein nyttig opplysning eigna til å redusere konfliktnivået.

Kapittel 4

Opplysningane om at beiting er bra for det biologiske mangfaldet i kulturmarka er unøyaktig. Ein del av kulturlandskapet treng skjøtsel i form av slått, og beiting gjennom sommaren er for slike areal skadeleg for dei biologiske verdiane. Vidare er det ulik verknad av dei ulike beitedyra. Dette kjem mellom anna fram i NINA sin rapport om Forollhogna, der det ligg ei tilråding i å auke storfebeitinga framfor å auke sauebeitinga. Storfebeiting er ofte gunstig for det biologiske mangfaldet. Truleg har beiteuttaket frå storfe vore på kring 2/3 av totaluttaket. Jo nærare ein kan kome dette, jo betre er det truleg for det biologiske mangfaldet knytt til slått- og

beitemark. Det er altså ikkje nødvendigvis ein fordel å auke saubeite i desse områda. Det kan tvert om vere fordelaktig om ein heller kan auke storfebeite. Storfe klarer seg betre mot gaupe og jerv enn det sau gjer.

Anna

Økosystem utan store rovdyr har ein vesentleg mangel. Det er difor mot naturen å legge opp til areal der førekomst av rovdyr er unnataket. Det gjeld Fosen og store delar av Møre og Romsdal spesielt. Oppdal er i ei særstilling som følgje av eit svært stort tal sau og dermed sterke tradisjonar for beitebruk. Naturvernforbundet meiner at ein ved kvar rullering av forvaltingsplanen må vurdere areala som ligg heilt utanfor forvaltingsområdet for dei store rovdyra. At dei er rovviltfrie er ei unnataksordning for ei avgrensa tid.

Med vennleg helsing

Øystein Folden
Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

Ellen Andersson
Naturvernforbundet i Trøndelag